

PS 33/17 SKRIV OG MELDINGAR

RS 10/17 Tilsyn med kommunal beredskapsplikt - tilbakemelding på tilsynsrapport



150 år i 2017

SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520

6404 MOLDE

<i>saksnr</i>	<i>løpenr.</i>	<i>arkiv</i>	<i>avd /sakshandsamar</i>	<i>dato</i>
2016/335	1952/2017	X20	RÅD OI	07.04.2017

TILSYN MED KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT - TILBAKEMELDING PÅ TILSYNSRAPPORT

Vi viser til Fylkesmannen sitt tilsyn i 2017 retta mot kommunal beredskapsplikt, med tilhøyrande tilsynsrapport. Vi gir med dette følgande tilbakemelding på nemnde rapport.

Avvik nr 1:

Sande kommune sin heilskaplege ROS—analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava.

Det vert vist til at manglar oversikt over ROS-faktorar knytt til

- korleis svikt i kritisk infrastruktur vil påverke kommunen,
- vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønskte hendingar, og
- vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Vår kommentar:

Sande kommune arbeider bevist med sin beredskap ut frå følgande tre kategoriar risiker:

1. Naturhendingar
2. Systemvikt
3. Viljestyre hendingar

Sande kommune har erfaringar med at den samfunnskritiske infrastrukturen fell bort som følgje av naturskapte hendingar og/eller systemsvikt. Eksempler på dette har vore:

- Manglande straumforsyning,
- Manglande telefoni/nett,
- Manglande ferjekommunikasjon.

Som følge av dette har Sande kommune etablert :

- Stasjonært nødaggregat Sandetun.
- Stasjonært nødaggregat Sande Rådhus.
- Stasjonært nødaggregat Bergsnev vassverk.
- Mobilt nødaggregat for Holtane vassverk.
- Mobilt nødaggregat for Sande legesenter.

- Satellittelefon er ikkje vurdert som nødvendig å anskaffe. Kommunen vurderer bruk at nødnettet som ein alternativ måte å få/gi informasjon på både internt i kommunen og ut frå kommunen.

- Sande kommune har i sitt område tilgang til sjøgående beredskap.

- Våre vegsamband er i all hovudsak opne – og våre bygder har i stor grad alternative vegadkomster til/frå. Bygdene i Sande har allmenningsskaier tilgjengelig.

- Vårt system for befolkningsvarsel er WEB-basert SMS-teneste levert av Varsling24.

- Våre prosedyre ved evakuering er basert på gjeldande planverk.

Sande kommune aksepterer Fylkesmannen sitt avvik som går på manglande formalier knytt til ROS-analyse. Dette skal Sande kommune utbetre i løpet av planperioden. Sande kommune vil likevel vise til ovannemnde omtale som langt på veg – og kanskje fult ut - vil svare godt på nemnde manglande ROS.

Avvik nr 2:

Sande kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Det vert vist til at planverket ikkje oppfyller kravet om at det skal ta utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen og kravet om at det skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen.

Vår kommentar:

- Sande kommune sin beredskapsplan er etter «gammal» mal og er utarbeidd før kravet om «heilskaplig ROS-analyse» låg føre. Fylkesmannen har derfor rett i at gjeldande beredskapsplan ikkje tek utgangspunktet i den heilskaplege ROS-analysen.

Sande kommune aksepterer Fylkesmannen sitt avvik knytt til manglar i vår beredskapsplan. Dette skal Sande kommune utbetre i løpet av planperioden.

Ang merknader


Vårt beredskapsarbeid er ein kontinuerlig prosess, og Sande kommune vil vurdere Fylkesmannen sine merknader i det vidare arbeidet med vår beredskap og sikkerheit.

Sande kommune håper at tilbakemeldinga er i tråd med Fylkesmannen krav og forventning. Skulle det vere spørsmål kan underteikn kontaktast for vidare avklaring.

Med helsing

Asle Giske
rådmann

Kopi:



Oddbjørn Indregård
plan- og utviklingssjef